



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 25.01.2021

Møtebok Høyanger sokneråd

Møtedato: 13.01.2021

Møtetid: Kl. 18.00

Møtestad: Høyanger bedehus

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Marit Tonning, Lars Petter Amundrud, Veronika Vågen, Andreas Ester, kantor Gerda Otterstein

Forfall:

Trond Gandrud

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordfører Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekkhus, kantor Gerda Otterstein, sekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

- Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok.
- Innkalling og møtebok vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker

01 Soknepresten hadde ordet

Det har skjedd mykje i desember månad 2020. Det har vore ei fin julefeiring. Gudstenesta på julafta i Høyanger gjekk over all forventning. Mange deltok. Det var også årsavslutning med bryllup nyttårsafta, i kyrkja. Vi når breiddt ut i miljøet. Der har også vore sjukdom i familien til Andreas. Vi har fortsatt utfordringar i høve koronapandemien. Kva kan vi bidra med og gjennomføre i Høyanger? Andreas ynskjer vi skal ta det slik det er, og blir. Sjå enkeltpersonar, og vere i kontakt med, og støtte kvarandre.

Det er openberringstid i kyrkja no framover. Det er ei slags juletid nummer 2 eller ein annan vinkling. Gud viser seg på ein annan måte. Løyndom. Gud kjem til oss. Jesus sin dåp er teksten i Markusevangeliet. Dette synes Andreas er ein av dei flottaste tekstane i heile Bibelen. May-Wenche spurde om ein setning i Fadervår: « ...tilgi oss vår skyld, slik vi tilgir våre skyldnere.» Andreas forklarte litt omkring dette.

02 Kantor sin arbeidssituasjon

Soknerådet ynskjer å bli betre kjent med dei tilsette i Høyanger kyrkje. Denne gongen møtte kantor Gerda Otterstein på møtet vårt for å informere om korleis ho arbeider. Gerda synes det er greit å jobbe med det ho gjer heilt aleine. Det kan vere mange oppdrag på ein dag. Det handlar om å prioritere. Med god planlegging, så går det greit.

Ho har nyleg starta opp med korskule for barn. Det er ein korskule etter ein modell frå England. Det er små grupper, 6-7 i Lavik og like mange i Høyanger. Alderen er frå 2. klasse til 7. klasse. Den er for alle, uavhengig av tru. Gerda kunne ynskje at det var fleire som deltek. Når det gjeld marknadsføring, så har Gerda prøvd både Facebook og plakatar, men det har ikkje lukkast heilt. Ho ynskjer hjelp til rekruttering. Vil prøve med personlig invitasjon i post til den enkelte, klassevis.

Vi diskuterte litt omkring andre fritidsaktivitetar som barn og unge deltek i, bl.a. fotball, handball og turn, spesielt i Høyanger. Veronica nemner at det kan hjelpe om vi tydeleggjer at det ikkje medfører dugnadsarbeid for foreldre at barnet deira deltek i kor, og heller ikkje medlemsavgift. Gerda har samarbeid med Anita Nordheim om å få opp igjen kor i Høyanger etter at Høyang Vocalis ikkje er i drift lenger. Aftensang var bra då dei hadde det i Lavik.

Hadde det vore ein ide å starte opp knøttekor, spurte May-Wenche. Veronica kunne eventuelt hatt dei minste barna i eit kor. Gerda synes dei er litt små. Gerda delte ut «Overordna plan for kyrkjemusikk for sokna i Høyanger 2018-2021».

03 Postgjennomgang

Sidan vi hadde møte i bedehuset, så vart posten liggjande att på kyrkjekontoret, og dermed ikkje gått gjennom.

04 Rekneskap status

Det at vi hadde digital gudsteneste førte til eit underskot.

05 Høyanger bedehus – status

Ikkje noko nytt i saka etter at vi fekk utsett frist til 30. juni -21.

06 Ymse

Frå nyttår har vi fått endra Kirkelova til Trussamfunnslova. Der er også nokre endringar i Gravferdslova. Vi skal undersøkje om vi har to kyrkjevertskilt som kan brukast når vi er to kyrkjevertar tilstades.

Vedtaksaker

Sak 01/2021 Soknerådet sin møteplan

Torsdag 11.02.21 kl. 18.00 i bedehuset. Torill Lange vert med.

Onsdag 10.03.21, Strategimøte

Onsdag 07.04.21

Onsdag 02.06.21

Sak 02/2021 Årsmøte/soknemøte

Årsmøte/Soknemøte vert søndag 21.03.21. Vi skal utarbeide ein rapport over vår verksemd siste kalenderår. Då skal også saka om framtida til Høyanger bedehus leggast fram for kyrkjelyden.

Sak 03/2021 Kyrkjevertar 1. halvår 2021

Søndag 07.02.21 kl. 11.00 Tårnagenthelg: Veronica Vågen

Onsdag 24.02.21 kl. 18.00 Temagudsteneste: Vidar Myren

Onsdag 10.03.21 kl 19.00 Gladgudsteneste: Marit Tonning

Søndag 21.03.21 kl 12.00 Samtalegudsteneste: Veronica Vågen og Marit Tonning

Fredag 02.04.21 kl 18.00 Langfredagsgudsteneste: May Wenche Fossmark

Lørdag 24.04.21 kl 12.00 Konfirmasjon: Avventar

Sak 04/2021 Offertildeling 1. halvår 2021

Søndag 07.02.21 – Trusopplæring i Høyanger

Onsdag 24.02.21 – Diakoni

Onsdag 10.03.21 – KFUK/KFUM

Søndag 21.03.21 – Alværa misjonscenter

Fredag 02.04.21 – Kirkens Nødhjelp

Lørdag 24.02.21 – Barne- og ungdomsarbeid

Sak 05/2021 Gjennomgang av forslag etter §9-møte

May-Wenche stilte spørsmål om vi skulle setje ned eit utval som kunne jobbe med dette. Vi vart einige om å ta dette opp som eiga sak i møte vi skal ha 10.03.21. Kva ynskjer vi på kort sikt, og på lang sikt å få til? Setje alle innspel som kom fram på §9-møtet, samt det som kom fram i møtet no 13.01.21, inn i eit system. May-Wenche sender referat frå §9-møtet til oss.

Referent Marit Tonning

Sekretær Bjørnar Otterstein